



Norges Bygdekvinnelag



Revidert i 2026

Besøksadresse: Hollendergata 5, 3. etasje

Postadresse.: Postboks 9358 Grønland, 0135 Oslo

Telefon: 22 05 48 15

E-post: post@bygdekvinnelaget.no

Nettside: www.bygdekvinnelaget.no

Innhald

Vedtekter

Side 4	§ 1	Føremålet med organisasjonen
	§ 2	Hovudoppgåver og arbeidsform
	§ 3	Medlemskap
Side 5	§ 4	Organisasjon
Side 6	§ 5	Landsmøte/årsmøte
Side 7	§ 6	Landsmøtet/årsmøtet sine oppgåver
Side 8	§ 7	Styret
Side 9	§ 8	Økonomisk ansvar
	§ 9	Kontingent
	§ 10	Fond
	§ 11	Reknskap
	§ 12	Meldingar
Side 10	§ 13	Endring av vedtektene
	§ 14	Stifting av nye lokallag
	§ 15	Sammenslåing av lokallag
	§ 16	Sammenslåing av distriktslag
Side 11	§ 17	Overgang til nytt distriktslag
	§ 18	Oppløsning av lokallag
	§ 19	Oppløysing av distriktslag
	§ 20	Oppløysing av Norges Bygdekvinnelag

Regler og instruks

Side 13	I	Valg av valnemd
Side 14	II	Valnemnda arbeid

Vedtekter

§ 1 Føremålet med organisasjonen

Norges Bygdekvinnelag arbeider for levande og inkluderande lokalsamfunn. Vi er partipolitisk uavhengige. Vi er ein pådrivar for norsk matproduksjon, likeverd, demokrati og mangfald. Vi styrkjer kvinner gjennom nettverk, kunnskapsdeling og praktiske aktivitetar med respekt for vår felles kulturarv og med blick mot framtida.

§ 2 Hovudoppgåver og arbeidsform

Organisasjonen sine prioriterte oppgåver er sette i politisk plattform, budsjett, strategidokument og arbeidsplan.

§ 3 Medlemskap

- a. Alle som støttar Norges Bygdekvinnelag sitt føremål kan bli medlem av Norges Bygdekvinnelag. Medlemskap er personleg. Medlemene er tilslutta eit lokalt lag. Der lokallag ikkje finst, er medlemene organiserte i næraste lokallag eller i distriktslaget.
- b. Medlemsrettar som det å vere valbar til tillitsverv, å ha tillitsverv, røysterett og rett til representasjon, er først gjeldande når kontingenten for inneverande år er betalt.
- c. Personar/institusjonar/organisasjonar som vil støtte Norges Bygdekvinnelag sitt arbeid, kan teikne støtte-medlemskap. Støtte-medlemar er ikkje knytt til lokallag eller distriktslag og har ikkje røyste- eller representasjonsrett.

§ 4 Organisasjon

- a. Norges Bygdekvinnelag sine medlemmar er organiserte i lokallag med landsmøtet som høgaste vedtaksføre organ.
- b. Lokallaga i eit fylke skal slutta seg saman i distriktslag. Distriktslaga kan velje om dei vil dekkje eit område tilsvarande ny eller tidlegare statleg organisering av fylkeskommunane. Ved samanslåing av tidlegare distriktslag skal reglane i §16 følgjast. Det høgste vedtaksføre organet i distriktslaget er årsmøtet.
- c. Norges Bygdekvinnelag, Norges Bygdeungdomslag og Norges Bondelag er gjensidig representerte i styra i distriktslag og hovudorganisasjon. I dei fylka der Bygdekvinnelaget har fleire distriktslag enn Bondelaget har distriktslag, skal distriktslaga etter tur ha representant i styret til Bondelaget. Distriktslag som ikkje får styrerepresentant, skal ha vararepresentant. Både representant og vararepresentantar vert valte for 2 år om gongen. Tilsvarande gjeld representasjon i Bygdeungdomslaget. Det bør vere gjensidig representasjon i lokallaga.
- d. Noregs Bygdekvinnelag har ein felles logo for alle organisasjonsledd. Denne kan nyttast med namnet på lokallaget, distriktslaget eller Norges Bygdekvinnelag.
- e. Lokal- og distriktslag skal følgje organisasjonen sine vedtak, gjeldande vedtekter og styringsdokument. Lokal- distrikts- og sentralleddet skal handsame saker frå medlemmane. Om lokal- eller distriktslag ynskjer å sende oppmodingar til sentrale styresmakter skal saka sendast til Norges Bygdekvinnelag for vidare handsaming.
- f. Leiarverv i Norges Bygdekvinnelag, distriktslag og lokallag har ei makstid på 6 år samanhengande. Dei andre styreverva i Norges Bygdekvinnelag, distriktslag, og lokallag har ei makstid på 8 år samanhengande.

§ 5 Landsmøte/årsmøte

- a. Det høgaste vedtaksføre organ i Norges Bygdekvinnelag er landsmøtet.
- b. Ordinært landsmøte vert halde annakvart år innan utgangen av juni, og skal så langt det er råd, haldast skiftesvis i dei ulike landsdelane. Distriktsårsmøta vert haldne årleg innan 1.april. Lokallaga held årsmøta sine årleg, innan 1. november.
- c. Landsmøte/årsmøte vert kalla inn av styret ved leiar.
- d. Ekstraordinært landsmøte vert halde når minst halvparten av styret eller når minst halvparten av årsmøterepresentantane krev det. Ekstraordinært distriktsårsmøte skal haldast når minst halvparten av styremedlemmane, når 1/4 av medlemmane eller når hovudorganisasjonen krev det. Ekstraordinært lokallagsårsmøte skal haldast når minst halvparten av styremedlemmane, når 1/4 av medlemmane i laget eller når vedkommande distriktslag krev det.
- e. Landsmøtet skal verte kunngjort minst 10 veker på førehand, distriktsårsmøtet minst 8 veker på førehand og lokallagsårsmøtet minst 4 veker på førehand. Alle med skriftleg varsel. Innkalling og sakliste/dokument for landsmøte skal sendast ut minst 4 veker før møtet, for årsmøte 2 veker før møtet. Ekstraordinært landsmøte/årsmøte kan kallast inn med 2 vekers varsel.
- f. Rett til å leggje fram saker for landsmøtet har Norges Bygdekvinnelag sitt styre, distriktslag og lokallaga etter tilslutning i distriktslag, Norges Bondelag og Norges Bygdeungdomslag. Saker som skal handsamast av landsmøtet må ha kome inn til styret minst 8 veker før ordinært landsmøte skal haldast. Framlegg til vedtektsendringar og endringar i politisk plattform må vere kome til styret minst 16 veker før ordinært landsmøte skal haldast.
- g. Rett til å leggje fram saker for distriktsårsmøtet har distriktsstyret og tilsvarende organisasjonsledd i Bondelaget og Bygdeungdomslaget, samt distriktslaget sine lokallag. Sakene må vere kome til styret minst 6 veker før årsmøtet. Rett til å leggje fram saker for lokallaget sitt årsmøte har styret og laget sine medlemmar. Om lokale bondelag og bygdeungdomslag er representerte i styret, har dei rett til å leggje fram saker. Sakene må vere kome til styret 3 veker før årsmøtet.
- h. Sentralstyret har rett til å leggje fram saker for landsmøtet som ikkje er førte opp på saklista. Det kan ikkje fattast vedtak i desse utan landsmøtet si godkjenning. Det same gjeld for distriktsstyret/lokallagsstyret og deira årsmøte. Saker som gjeld vedtektsendringar, politisk plattform og oppløysing av lokallag, distriktslag eller Norges Bygdekvinnelag må følgje tidsfristane gitt i §5 bokstav f og §§ 18,19 og 20.

LANDSMØTET ER SETT SAMAN AV:

1. Sentralstyret sine medlemmar.
2. Distriktslaget sin leiar og 1 representant for kvart påbegynte 200. medlem i distriktslaget.
3. 2 representantar valde av Norges Bondelag.
4. 2 representantar valde av Norges Bygdeungdomslag.

DISTRIKTSÅRSMØTET ER SETT SAMAN AV:

1. Distriktsstyrets medlemmer.
2. Leder av lokallaget pluss en valgt representant for hvert lag med inntil 20 medlemmer og en valgt representant for hvert videre påbegynte 50. medlem.
3. 2 representanter fra tilsvarende organisasjonsledd i Bondelaget.
4. 2 representanter fra tilsvarende organisasjonsledd i Bygdeungdomslaget

LOKALLAGSÅRSMØTET ER SETT SAMAN AV:

1. Styret sine medlemmar.
2. Resterande medlemmar.

- i. Alle landsmøte- /årsmøteutsendingar har møte-, tale-, forslag- og røysterett.
 - 1. Styret har ikkje røysterett når det gjeld årsmelding og rekneskap.
 - 2. 1. vararepresentant til sentralstyret har talerett på landsmøtet og 1. vararepresentant til distriktsstyret har talerett på distriktsårsmøtet.
 - 3. Medlemar av valnemnda har talerett i dei sakene valnemnda innstiller til.
 - 4. Generalsekretæren har talerett på landsmøtet.
 - 5. Alle medlemar og støttemedlemar av Norges Bygdekvinnelag har rett til å følgje forhandlingane i landsmøte/årsmøte, men dei har ikkje tale- og framleggsrett. Landsmøtet/årsmøtet kan i særskilde høve gje talerett.
- j. Landsmøtet/årsmøtet kan vedta at einskilte saker vert handsama i lukka møte, og avgjer då korleis vedtak i desse sakene skal kunngjerast.
- k. Kost- og opphaldsutgifter til landsmøtedelegatar vert betalte av Norges Bygdekvinnelag sentralt. Distriktslag dekkjer reiseutgifter for sine delegatar. Reisefordelingsprinsippet, fordeling pr. delegat, vert lagt til grunn. Norges Bondelag og Norges Bygdeungdomslag betaler sjølv for sine representantar.

§ 6 Landsmøtets/årsmøtets gjøremål

MØTET SKAL:

- a. Velje 2 som saman med leiaren skal underteikne protokollen.
- b. Handsame styret sitt forslag til årsmelding for Norges Bygdekvinnelag/distriktslag/lokallag.
- c. Handsame rekneskap med melding frå revisor.
- d. Handsame forslag til arbeidsplan.
- e. Handsame styret sitt forslag til kontingent og budsjett.
- f. Handsame melding og rekneskap for styre, utval og fond valde av landsmøtet/årsmøtet.
- g. Velje:
 - 1. Leder, nestleiar og styremedlemmer med vararepresentantar for gjeldande organisasjonsledd. For sentralstyret veljast 2. nestleiar. For sentralstyret veljast alle for 2 år, mens for distriktslag og lokallag veljast leiar for eitt år om gongen og dei andre styremedlemmene for to år på ein slik måte at berre halvparten av styremedlemmene er på val samstundes. Nestleiar blir konstituert av styret i distriktslag og lokallag for eitt år om gongen blant dei andre styremedlemmene.
 - 2. Medlemar med vararepresentantar til valnemnd.
 - 3. Utsendingar til landsmøte/årsmøte.
 - 4. Møteleiar med vara for komande landsmøte/årsmøte.
 - 5. Revisor/revisorar og fastsetje godtgjersle for tillitsvalde revisorar.
- h. Etter forslag frå valnemnda fastsetje godtgjersle til tillitsvalde, godtgjersle for reise-, kost- og opphaldsutgifter, eventuelt andre godtgjersler.
- i. Handsame andre saker som vert lagt fram.
- j. Føre protokoll.

§ 7 Styret

- a. Norges Bygdekvinnelag sine organisasjonsledd vert leia av eit styre vald av landsmøtet/ årsmøtet, sentralstyre, distriktsstyre og lokallagsstyre.
- b. Styret er ansvarleg overfor landsmøtet/årsmøtet for si verksemd og forvaltning av Norges Bygdekvinnelag sine midlar.
- c. Sentralstyret er sett saman av 9 medleamar og 3 varamedleamar. 7 vert valde av landsmøtet, 1 medlem vert vald av Norges Bondelag, og 1 medlem vert vald av Norges Bygdeungdomslag. Distriktsstyret er sett saman av 5–7 medleamar og 2–3 varamedleamar valde av årsmøtet, samt ein medlem frå tilsvarande organisasjonsledd i Norges Bondelag og ein medlem frå tilsvarande organisasjonsledd i Norges Bygdeungdomslag. Lokallagsstyra er sett saman av 3–7 medleamar valde av årsmøtet og 1–3 varamedleamar, ein medlem vald av det lokale bondelaget og ein medlem vald av det lokale bygdeungdomslaget.
- d. Mindre saker kan verte avgjort av eit arbeidsutval på 3 medleamar. Leiaren og nestleiaren er sjølvskrivne medleamar av utvalet. 1 medlem vert vald av og innan styret. Vedtak fatta av arbeidsutvalet skal leggjast fram for styret.
- e. Styret har møte når leiaren fastset det, eller når minst halvparten av styremedlemane krev det. Styret er vedtaksdyktige når minst halvparten av medlemane møter. Ved likt røystetal avgjer leiaren si røyst. Generalsekretæren tek del i sentralstyremøta med talerett, men har ikkje røysterett.
- f. Styret kan når det er tenleg setje ned utval/komitear med 2 til 5 medleamar og lage instruks for desse.
- g. Styret sine oppgåver er å:
 - 1. Leie laget sitt arbeid i samsvar med Norges Bygdekvinnelag sine vedtak, vedtekter og styringsdokument.
 - 2. Ta opp saker som er av interesse for medlemane og laget.
 - 3. Handsame saker som vert sendt frå medleamar/andre organisasjonsledd.
 - 4. Ha ansvar for rekruttering og medlemsverving.
 - 5. Administrere og føre nødvendig kontroll med organisasjonen sin økonomi.
 - 6. Førebu saker som skal leggast fram for landsmøtet/årsmøte.
 - 7. Tilsette og avsette generalsekretær i Norges Bygdekvinnelag.
 - 8. Generalsekretær har fullmakt til å tilsette og til å utøve personalpolitikk etter retningslinjer gjevne av sentralstyret.
 - 9. Velje representantar til organisasjonar Norges Bygdekvinnelag er tilslutta.
- h. Om eit lokal- eller distriktslag fattar vedtak som er i strid med Norges Bygdekvinnelag sine vedtekter eller vedtak, kan sentralstyret oppheve vedtaket.
- i. Norges Bygdekvinnelag pliktar seg med underskrift av leiar og generalsekretær saman. Styret kan i særskilde høve gi fullmakt og melde prokura. Distriktslag og lokallag pliktar seg ved underskrift av leiar.
- j. Det skal førast protokoll over styret og arbeidsutvalet sine drøftingar. Det same gjeld for utval, nemnder og styre som er utpeika av styret.
- k. Alle val av Norges Bygdekvinnelag sine styremedleamar vert gjennomførte med skriftleg votering når det gjeld leiar, nestleiar, styremedleamar og varamedleamar.
- l. På distrikts- og lokallagsnivå skal det gjennomførast skriftleg val om det er fleire kandidatar til eit verv eller når nokon krev det.
- m. Andre val kan verte gjennomførte ved andre voteringsmåtar med årsmøtet si godkjenning.

- n. Kravet til godkjende val ved skriftleg votering er meir enn halvparten av dei leverte/registrerte røystene — absolutt fleirtal. Blanke stemmer tel. Får ingen av kandidatane absolutt fleirtal, må ein ta ny votering. Får ingen av kandidatane absolutt fleirtal i andre valomgang, vert det bunde omval mellom dei 2 kandidatane som har fått flest stemmer. Vert det likt stemmetal i denne valomgangen, vert valet avgjort ved lodd-trekking.

§ 8 Økonomisk ansvar

Norges Bygdekvinnelag er ikkje ansvarleg for dei økonomiske og organisasjonsmessige vedtak og disposisjonar som lokallag og distriktslag gjer, med mindre desse er lagt fram og godkjente av Norges Bygdekvinnelag sitt styre.

§ 9 Kontingent

Medlemane betalar årleg kontingent til Norges Bygdekvinnelag. Kontingenten vert fastsett av Norges Bygdekvinnelag sitt landsmøte. Kontingenten skal vere betalt til Norges Bygdekvinnelag innan 15. februar.

§ 10 Fond

- a. Etter godkjenning av landsmøtet kan Norges Bygdekvinnelag setje av midlar til fond som arbeidsfond, driftsfond og liknande. Desse fonda vert disponerte av styret i Norges Bygdekvinnelag om anna ikkje er vedtatt.
- b. Fond med eigne styre disponerer fondet si avkasting etter gjeldande statuttar. Melding og rekneskap skal leggjast fram for landsmøtet/årsmøtet i Norges Bygdekvinnelag/distriktslag/lokallag.

§ 11 Regnskap

Norges Bygdekvinnelag skal ha eige spesifisert rekneskap som er revidert av offentleg godkjend revisor. Rekneskapen følgjer kalenderåret. Distriktslag og lokallag skal ha spesifisert rekneskap som følgjer årsmøteperioden, revidert av 2 årsmøtevalde revisorar. Dei laga som nyttar autorisert rekneskapsbyrå, treng ikkje årsmøtevalde revisorar for å gå gjennom rekneskapet.

§ 12 Meldingar

Lokallag, distriktslag og faste utval har plikt til å gje meldingar og opplysningar som styret i Norges Bygdekvinnelag ber om. Tillitsvalde som representerer Norges Bygdekvinnelag i andre organisasjonar, komitear, utval og liknande må gje styret i Norges Bygdekvinnelag melding om sitt arbeid. Slike tillitsvalde kan ikkje gjere Norges Bygdekvinnelag ansvarleg utan etter særskilt fullmakt.

§ 13 Endring av vedtektene

Endringar i Norges Bygdekvinnelag sine vedtekter og politisk plattform kan berre gjerast på ordinært landsmøte i Norges Bygdekvinnelag med 2/3 fleirtal. Endring i politisk plattform skal sendast på høyring til distriktslaga og lokallaga. Styret si innstilling i desse sakene vert sendt ut saman med innkalling og sakliste/dokument 2 veker før landsmøtet.

§ 14 Stifting av nye lokallag

Interesserte kan ta initiativ til stifting av lokallag. Dei må då halde eit ope møte der ein representant frå distriktslaget eller sentralleddet informerer om Norges Bygdekvinnelag. Møtet må vedta å stifte lokallag samt vedta Norges Bygdekvinnelag sine vedtekter som vedtekter for laget. Vidare må møtet vedta namn på laget, og det må veljast styre for laget. Protokoll frå stiftingsmøte skal sendast til Norges Bygdekvinnelag for godkjenning. Når godkjenning ligg føre, skal laget registrere seg i Frivillighetsregisteret i Brønnøysund og opprette eigen bankkonto.

§ 15 Samnnslåing av lokallag

Vedtak om samanslåing med eit anna lag må verte fatta i årsmøtet med 3/4 fleirtal av dei som er til stades på årsmøtet. Frammøte må vera minst 50 prosent av medlemstalet. Om ikkje 50 prosent av medlemsmassen er til stades på årsmøtet der samanslåing vert handsama, anten personleg eller ved fullmakt, kan det bli kalla inn til ekstraordinært årsmøte. Eit vedtak om samanslåing kan då verte fatta med 3/4 fleirtal av dei frammøtte på det ekstraordinære årsmøtet. Innkalling til ekstraordinært årsmøte kan ikkje skje før tidlegast to veker etter ordinært årsmøte. Innkalling må sendast seinast to veker før møtet.

Norges Bygdekvinnelag og distriktslaget skal ha skriftleg melding om forslag om samanslåing av lokallag seinast 1 månad før årsmøtet. Om laget vert slått saman med eit anna lag, går formue, fast eigedom og arkiv til det nye laget.

§ 16 Samanslåing av distriktslag

Vedtak om samanslåing med anna distriktslag må fattast i årsmøte med 3/4 fleirtal av delegatane som er til stades på årsmøtet. Frammøte må vere minst 50% av mogeleg tal på delegatar. Dersom ikkje 50% er til stades på årsmøtet der samanslåing skal handsamast, anten personleg eller ved fullmakt, skal det kallast inn til ekstraordinært årsmøte. Vedtak om samanslåing kan då fattast med 3/4 av dei frammøtte på det ekstraordinære årsmøtet.

Innkalling til ekstraordinært årsmøte kan ikkje skje før tidlegast to veker etter ordinært årsmøte. Det skal kallast inn med minimum to vekers varsel.

Norges Bygdekvinnelag skal ha skriftleg melding om forslag om samanslåing av distriktslag seinast ein månad før årsmøtet. Når distriktslag slår seg saman, går formuar, fast eigedom og arkiv frå desse laga til det nye distriktslaget.

§ 17 Overgang til nytt distriktslag

Lokallag kan vedta overgang til nytt distriktslag når nye statleg vedtekne fylkesgrenser gjer dette tenleg. Slikt vedtak må fattast på same måte som vedtak om samanslåing av lokallag jfr. reglane i §15. Overgangen må godkjennast av Norges Bygdekvinnelag.

§ 18 Oppløysing av lokallag

Vedtak om oppløysing av lokallag må verte fatta av to årsmøte etter kvarandre med 3/4 fleirtal av årsmøtet sine frammøtte medlemar. Innkalling til ekstraordinært årsmøte kan ikkje skje før tidlegast to månader etter ordinært årsmøte. Distriktslaget og sentralstyret i Norges Bygdekvinnelag skal ha skriftleg melding om slike framlegg seinast to månader før første gangs handsaming. Om laget ikkje lenger har betalande medlemar til å gjennomføre ekstraordinært årsmøte, får Norges Bygdekvinnelag ansvaret for vidare handsaming av saka.

Ved oppløysing av lokallaget skal laget sine bankinnskott og kontantar gå inn i Norges Bygdekvinnelag sitt oppstartsfond. Laget sitt arkiv skal gå til det respektive distriktslaget. Laget sine resterande eigendelar skal fordelast av lokallagsstyret. Fast eigedom skal gå til det respektive distriktslaget.

§ 19 Oppløysing av distriktslag

Vedtak om oppløysing av distriktslag må verte fatta av to årsmøte etter kvarandre med 3/4 fleirtal av årsmøtet sine frammøtte medlemar. Frammøte av det totale talet valde representantar på årsmøtet må vere minst 50 prosent. Om ikkje kravet om 50 prosent frammøte, anten personleg eller ved fullmakt, vert innfridd, skal saka sendast til styret i Norges Bygdekvinnelag. Innkalling til ekstraordinært årsmøte kan ikkje skje før tidlegast to månader etter første årsmøte.

Framlegg om oppløysing må på førehand og seinast tre månader før første årsmøte vere sendt lokallaga for uttale. Styret i Norges Bygdekvinnelag skal ha skriftleg melding om framlegget seinast tre månader før første gangs handsaming. Ved oppløysing av distriktslaget skal laget sitt bankinnskott og kontantbeholdning gå til Norges Bygdekvinnelag sitt oppstartsfond. Laget sitt arkiv og fast eigedom skal gå til Norges Bygdekvinnelag. Distriktsstyret har ansvar for å fordele laget sine resterande eigendelar.

§ 20 Oppløysing av Norges Bygdekvinnelag

Vedtak om oppløysing av Norges Bygdekvinnelag må verte fatta av 2 landsmøte etter kvarandre med 3/4 fleirtal av dei landsmøteutsendingane som er til stades. Frammøte av det totale talet representantar må vere minst 75 prosent av valde delegatar. Det må vere minst 6 månader mellom dei 2 landsmøta. Framlegg om oppløysing må på førehand – seinast 3 månader før landsmøtet – vere sendt lokal- og distriktslaga til uttale.

Om Norges Bygdekvinnelag vert oppløyst, avgjer det siste årsmøtet med 3/4 fleirtal korleis eventuell formue skal brukast.

Vedtekter for Bygdekvinnesenes hjelpefond

- a) Bygdekvinnesenes Hjelpefond har som formål å hjelpe jordbrukere og/eller medlemmer av Norges Bygdekvinneselag som grunnet sykdom, uhell, ulykke eller personlige kriser har ført til økonomiske og/eller andre vanskeligheter.
- b) Fondets midler er i hovedsak gaver fra lokallagene. Fondets midler disponeres av et eget styre. Det skal til en hver tid være en gjenværende kapital i fondet på kr 250.000,- som bare kan disponeres i samråd med styret i Norges Bygdekvinneselag.
- c) Arbeidsutvalget i Norges Bygdekvinneselags er styret i Bygdekvinnesenes Hjelpefond. Sekretariatet i Norges Bygdekvinneselag er sekretær for fondet. Styret er beslutningsdyktig når minst 2 medlemmer er tilstede.
- d) Det holdes 2-3 styremøter i året, flere om søknadsmassen tilsier det. Søknadene sendes Bygdekvinnesenes Hjelpefond v/styret på fastlagt skjema og behandles konfidensielt.

SØKNAD OM BIDRAG SKAL INNEHOLDE:

- opplysninger om hva bidraget skal brukes til
- opplysninger om søker og dennes økonomi
- opplysninger om søkers jordbruk i de tilfeller det er aktuelt

Styret i hjelpefondet har rett til å innhente opplysninger om saken. Søkeren må oppgi navn på personer/ referanser, der en må være offentlig ansatt og kunne kontaktes når styret i hjelpefondet ønsker flere opplysninger. Søknadsskjema må være fullstendig utfyllt for at søknaden skal bli behandlet.

- e) Hjelpefondets regnskap føres på samme sted som Norges Bygdekvinneselags regnskap. Bidrag utbetales snarest mulig etter vedtak av fondets styre. Fondets leder har i akutte saker fullmakt til å godkjenne søknadene. Utbetalinger anvises av den som til enhver tid har anvisningsmyndighet i Norges Bygdekvinneselags sekretariat. Regnskapet revideres av landsmøtevalgt revisor.
- f) Årsmelding med oversikt over mottatte og utdelte bidrag og revidert regnskap legges fram for Norges Bygdekvinneselags landsmøte.
- g) Endringer av disse vedtektene kan bare gjøres på landsmøtet i Norges Bygdekvinneselag med 2/3 flertall. Forslag til endringer skal være sendt fylkeslagene til uttalelse 3 måneder før landsmøtet blir holdt.

Regler og instruks for valgnemnder

I Valg av valgnemnd

Norges Bygdekvinnelag sitt landsmøte velger 1 representant med personlig vararepresentant til valgnemnda, fra hver av de 4 valgsonene:

- Finnmark, Troms, Nordland, Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag
- Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland
- Vest-Agder, Aust-Agder, Vestfold, Østfold og Telemark
- Oppland, Hedmark, Buskerud og Akershus

Landsmøtet skal velge leder og nestleder blant de valgte medlemmene av valgnemnda.

Valget av medlemmer og varamedlemmer gjelder for 2 landsmøteperioder, mens leder og nestleder blir valgt for 1 landsmøteperiode. Halvparten av medlemmene er på valg annenhver valgperiode.

Årsmøtene i distriktslag og lokallag velger en valgnemnd med 2-3 medlemmer og 1 varamedlem. Disse blir valgt for 3-4 år med rullering. Medlemmet som har sittet lengst blir leder for nemnda og går ut ved neste valg. Medlem nr.2 rykker da opp som leder. Nytt varamedlem blir valgt hvert år.

II Valgnerndas arbeid

- a. Valgnernda skal legge frem sin innstilling for landsmøtet/årsmøtet jfr. Vedtektene §6 g.
- b. Valgnernda sin innstilling skal foreligge senest ved utsending av ordinære saksdokument til landsmøte-/årsmøtereferentane. Ved ekstraordinære tilfeller kan valgnernda fremme sin innstilling under landsmøtet/årsmøtet.
- c. Lokal- og distriktslag kan fremme forslag om personer til sentrale tillitsverv. Disse må være valgnernda i hende senest 3 måneder før landsmøtet.
- d. Forslag om personer til distrikts- og lokallagsstyrene må være de respektive valgnerndene i hende senest 6 uker før årsmøtene.
- e. Valgnernda sin leder har møterett på landsmøtet/årsmøtet under behandling av sakene valgnernda innstiller til.
- f. Norges Bygdekvinneleg sin generalsekretær fungerer som sekretær for den sentrale valgnernda.

Vedtektene er revidert i 2026.

Bygdekvinnelagets etiske kjøreregler

Vi skal respektere hverandre

Vi skal være åpne og ærlige

Vi skal vise engasjement

Vi skal være lojale mot avtaler og beslutninger

Vi skal skape trivsel, stolthet og glede